

Krigen i Ukraina – Miljø- og klimakatastrofe for verda

FNs klimapanel kom nylig med ei ny og enno meir alarmerande melding om kor dårlige utsiktene er for klodens klima og natur. Meldinga var klar: Vi må sette alle krefter inn på å stanse klimagassutsleppa, tilpasse oss til dei klimaendringane vi ikkje kan unngå og først og fremst må vi slutte å ødelegge naturen.

Denne meldinga skulle få alle land i verda til å legge all strid til side, slutte fred og konsentrere seg om å berge framtida for menneske og anna liv på den einaste kloden vi har. Men kva skjer? Midt oppe i dette går Russland inn i Ukraina, mens alle vestmakter skrik opp om at no må det krigast. No må vi sende våpen og så må vi boikotte og isolere Russland på alle måtar. Så må vi auke våpenproduksjonen for meir krig. Ukraina vil kjempe til siste mann. Snart kjem vel kravet om å gå inn med regulære NATO-soldatar og "preventiv" bombing av Moskva.

Alle krigar er miljøkatastrofer. Ingen tar omsyn til plante og dyreliv, militære kjøretøy slepp ut enorme mengder av klimagassar og olje- og gassleidningar blir militære mål. Under Gulf-krigen brann oljebrønnane i Kuwait i månadar. Under krigen er det ingen som driv energisparing eller andre miljøtiltak. Etterpå kjem gjenoppbygginga, som gir enno større produksjon, enno større forureining og ingen kan koste på seg å tenke klima og miljø før gjenoppbygginga er ferdig.

Kvifor snakkar da ingen miljøorganisasjonar om krig og fred? Eg har vore på ein einaste festival for fred og miljø. Han var av alle stadar i Murmansk, i Russland, i den tida da begge sider ønska å opne grensene og forsøke å forstå kvarandre. No skal vi ikkje snakke saman, no skal vi ikkje forstå, no skal vi bare fordømme. Kor er miljøorganisasjonane når krigen brakar laus i Europa? Kor var dei under Gulfkrigen, Jugoslaviakrigane, Afghanistankrigane, Libyakrigen, Syriakrigen? Tause som grava. Krigen er ikkje vårt bord. Vi må ikkje meine noko fordi vi kan risikere å bli innblanda og part i konfliktane. Og kanskje miste statsstøtta om vi går i mot NATO si opprusting.

Krigen i Ukraina har allereie fått store verknadar langt utover det landet som er angripe. Ukraina sine grenseland i vest har på vel ei veke fått rundt ein million flyktingar. Kva betyr det for miljøet? Ei enorm ekstra belastning på desse samfunna. Flyktingane skal ha tak over hovudet, mat, klede, transport, straum og varme. Det er bare å skru opp kolkraftverka på fullt. Enno har verken EU eller Russland skrudd av gass- og oljekranene, fordi tapet vil bli så enormt på begge sider, men ein førebur seg til å gjøre det. Kva vil resultatet bli for landa som er totalt avhengig av russisk gass for å varme opp hus og koke mat? EU-land ber Noreg auke leveransane av gass og olje. Grønt skifte – gløym det, det må vente til ein annan gong. Så ber dei Noreg levere meir straum. Kor skal vi få den frå? Jo vind- og vasskraft må byggast ut så snart som råd. Alt for krigen.

Alt dette krev meir mineral. Vi må auke produksjonen av koppar, nikkel, stål, molybden, uran osv. så vi har til tanks, gevær, hjelmar og atombomber. Det må skje raskt. Det må skje så billig som mogleg. Miljøvenlig gruvedrift? Det får vente. No er det krigen som gjeld.

Vi treng ikkje meir krigshissing og det er ikkje panservernraketar vi skal bidra med. Vi treng ei freds- og miljørørsle som klarer å sjå at fred er ein føresetnad for å stoppe klimaendringane og miljøødeleggingane. Som kan bidra til å presse krigsmaktene til å løyse motsetningane med andre middel.

Nordahl Grieg sitt dikt frå 1936 er like aktuelt i dag;

Kringsatt av fiender,
gå inn i din tid!
Under en blodig storm –
vi deg til strid!

Her er ditt vern mot vold,
her er ditt sverd:
troen på livet vårt,

menneskets verd.

Krig er forakt for liv.
Fred er å skape.
Kast dine krefter inn:
døden skal tape!